



## Notat

Dato: 18.01.2018  
Arkivsak: 2015/943-70  
Saksbehandlar: hanglop1

---

**Til:** Kontrollutvalget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Selskapskontroll i Hardanger AKS AS – statusrapport 18.01.2018

#### Bakgrunn

Då kontrollutvalet handsama «*Oppfølging – selskapskontroll av Hardanger AKS AS*» (PS 114/2017) den 30.10.2017, vart det bedt om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.01.2018. Det vert også tilrådd at denne tilbakemeldinga inneheldt dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetringspunkta. Vedtaket i kontrollutvalet var som følgjer:

#### Vedtaket:

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetringsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.*
3. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetringsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.*

Då «*Selskapskontroll Hardanger AKS AS – revisjonsrapport*» (PS 28/16) vart handsama av fylkestinget 14.06.2016 tilrådde Deloitte mellom anna at Hordaland fylkeskommune sette i verk fylgjande tiltak

1. *Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.*
2. *Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.*
3. *Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad*
4. *Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.*
5. *Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.*

Kontrollutvalet er ikkje nøgd med rapporteringa så langt, og under kjem ei utdjupande tilbakemelding og statusrapport knytt til punkt 4 og punkt 5 på tiltakslista.

#### Statusrapport knytt til punkt 4 og 5 pr. 18.08.2018

Hordaland fylkeskommune v/Oplæringsavdelinga har inngått avtale med Hardanger AKS skuleåra 2016/2017 og 2017/2018. I avtalen står det at Hardanger AKS skal leggje ved elevkontrakt, oversikt over frammøtte dagar og fråvær, og rapport frå arbeidsutprøvinga saman med refusjonskravet. Rådjevaren frå Fellestenester som tar i mot refusjonskrava kontrollerer saman med ein rådjevavar frå Seksjon skule om

dokumentasjonen frå Hardanger AKS er i tråd med avtalen som er gjort. Dette ifølgje interne rutinar på opplæringsavdelinga.

Skuleåret 2016/2017 var det ein elev frå Øystese gymnas som hadde arbeidspraksis på Hardanger AKS. Hordaland fylkeskommune fekk elevkontrakten og elevrapporten i tråd med den generelle avtalen. Skuleåret 2017/2018 er det ein elev frå Framnes kvgs. som får arbeidspraksis på Hardanger AKS. Selskapet har nå sendt refusjonskrav for hausten 2017, og dokumentasjonen er sendt til HFK i posten.

Alle skular i HFK med elevar som kan vere aktuelle for arbeidspraksis i ein arbeidsmarknadsbedrift har fått informasjon frå Seksjon skule om innhaldet i den generelle avtalen, vilkåra for elevkontrakt, oppfølgingsrutinar og ansvar. Den generelle avtalen og mal for elevkontrakten ligg i kvalitetssystemet til HFK, og er tilgjengeleg for alle skular.